



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Foto: Emma Blørnsen

Folkehelsedagane 2009

Samhandling og planlegging for betre folkehelse!

*Konferanse 26. og 27. november
Rica Sunnfjord Hotell, Førde*

Påmeldingsfrist 16. november 2009

Arrangørar:



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

SOGN OG FJORDANE

VARDAR
for folkehelse

Eit godt liv i inkluderande lokalsamfunn



FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE



Samhandling og planlegging for betre folkehelse!

26. og 27. november, Rica Sunnfjord Hotell, Førde

Folkehelsearbeidet går inn i ei nye fase frå 2010, fyrst og fremst grunna Folkehelselova og Samhandlingsreforma, men også gjennom andre lover som ny planlov og diskriminerings- og tilgjengelegheitslova som begge gjeld frå 1. juli 2009.

Folkehelselova gjev fylkeskommunar ansvar for å fremje folkehelse innan dei oppgåver som fylkeskommunen er tillagt som regional utviklingsaktør og planleggjar, og innan forvaltning og tenesteyting. Fylkeskommunen skal ha oversikt over relevante helsetilhøve og faktorar som påverkar helsa og korleis denne er fordelt i befolkninga.

Sist, men ikkje minst, skal fylkeskommunen vere pådrivar for folkehelsearbeidet i fylket og understøtte kommunane i deira arbeid.

Samhandlingsreforma legg stor vekt på førebyggjande arbeid innanfor helsesektoren og på område der helse samarbeider med andre sektorar. Fokuset på førebygging er svært bra og etterlengta. Den store utfordringa vert å få til eit godt samspel mellom helse og andre sektorar i kommunane, samt gje det primærførebyggjande arbeidet gode vilkår i ei tid då ressursar først og fremst vert kanalisert inn i helsesektoren. Samhandling og planlegging er viktige stikkord for å få dette til.

Torsdag 26. november

- Kl. 09.30 Registrering og servering av rundstykker, kaffi/te
- Kl. 10.00 **Velkommen**
v/fylkesvaraordfører Åshild Kjelsnes
- Kl. 10.20 **Viktige utfordringar for folkehelsearbeidet - Folkehelselova, Samhandlingsreforma m.m.**
v/Ole Trygve Stigen, avdelingsdirektør i avdeling miljø og helse, Folkehelse- og levekårsdivisjonen, Helsedirektoratet
- Kl. 11.10 Spørsmål / diskusjon
- Kl. 11.30 Pause
- Kl. 11.45 **Oversikt over helsetilstand og viktige påverknadsfaktorar - lovverk og ressursar**
v/Ole Trygve Stigen
- Kl. 12.15 **Fysisk aktivitet i førebygging og behandling - presentasjon av Aktivitets-håndboken**
v/Harald Munkvold, Helse-Førde HF
- Kl. 13.00 LUNSJ
- Kl. 14.00 **Korleis stimulere til helsefremjande livsstil:**
- **Skader og ulykker**
v/Eva Jakobson Vaagland, leiar for Skadeforebyggende forum
 - **Ernæring**
v/John Roger Andersen, stipendiat ved Høgskulen i Sogn og Fjordane
 - **Tobakk**
v/Ann-Magritt Litner, rådgjevar førebyggande arbeid i Kreftforeningen
- Kl. 15.30 Gruppearbeid, kaffi og frukt
- Kl. 16.30 Plenumsdiskusjon
- Kl. 19.30 MIDDAG

Fredag 27. november

- Kl. 09.00 **Sektorovergripande folkehelsearbeid og Samhandlingsreforma - nye utfordringar for aktørar på kommunalt og regionalt nivå**
v/Jan Helge Dale, kommuneoverlege i Flora kommune
- Kl. 09.45 Spørsmål / diskusjon
- Kl. 10.15 Pause
- Kl. 10.30 **Kommunal planlegging som verktøy i folkehelsearbeidet**
v/Anders Paulsen, samfunnsutviklingssjef i Gran kommune
- Kl. 11.15 Spørsmål / diskusjon
- Kl. 11.30 Pause m/utsjekking
- Kl. 12.00 **Universell utforming som premis for deltaking**
v/Solfrid Fossberg, rådgjevar i Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Kl. 12.30 **Trafikktrygging og folkehelse - realisering av 0-visjonen**
v/Audun Heggstad, fylkessekretær i Trygg Trafikk
- Kl. 13.00 Spørsmål / avslutning
- Kl. 13.30 LUNSJ

Vel heim!



Målgruppe

Kommunalt/offentleg tilsette (teknisk etat, planleggjarar, helse- og sosialtenesta, eldreomsorga, skule, barnehage, folkehelse) og politikarar, frivillige organisasjonar og andre interesserte

Pris

Inga konferanseavgift. Deltakarane betalar eiga reise og overnatting.

Påmelding

Elektronisk påmelding til Fylkesmannen: <http://fylkesmannen.no/sfj> velg kurs konferansar tilsyn
På nettsida er det også lagt ut program og prisar på overnatting og dagpakke.

Påmeldingsfrist 16. november



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Arrangørar og kontaktpersonar

Sogn og Fjordane fylkeskommune, folkehelsekoordinator Emma Bjørnsen, tlf 57 82 50 24

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, folkehelserådgjevar Bjørg Eikum Tang, tlf 57 65 55 17